

---

**Saksnr:** 2020/1479-47  
**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	VS 22/20	12.11.2020

**Høyringsfråsegn - Endring i fagskulelova og fagskuleforskrifta**

Forslag til vedtak

1. Det blir gitt høyringsfråsegn om endring i fagskulelova og fagskuleforskrifta slik det kjem fram av saka.

**Samandrag**

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til endring av fagskulelova og fagskuleforskrifta på høyring med frist 27.11.2020. Høyringsnotatet gjev forslag til ein presisering av fagskuleutdanninga sitt kunnskapsgrunnlag; endring i krav til fagskuleutdanninga sitt omfang, opptak til kunstfaglege fagskuleutdanningar, bruk av falske dokumenter og krav om politiattest. I fagskuleforskrifta blir det i hovudsak gitt forslag til teknisk endring om å flytte regler frå forskrifta til lova, samt at det blir føreslått å definere i forskrifta kva som reknast for å vere falske dokumenter og vitnemål.

Torbjørn Mjelstad  
rektor, Fagskolen i Hordaland

Adeline Berntsen Landro  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til endring av fagskulelova og fagskuleforskrifta på høyring med frist 27.11.2020. Høyringsnotatet gjev forslag til ein presisering av fagskuleutdanninga sitt kunnskapsgrunnlag; endring i krav til fagskuleutdanninga sitt omfang, opptak til kunstfaglege fagskuleutdanningar, bruk av falske dokumenter og krav om politiattest. I fagskuleforskrifta blir det i hovudsak gitt forslag til teknisk endring om å flytte regler frå forskrifta til lova, samt at det blir føreslått å definere i forskrifta kva som reknast for å vere falske dokumenter og vitnemål.

Høyringsnotatet finn ein her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/c86ae3555a204979b7f2d2d48a1bceb7/horingsnotat-forslag-til-endringer-i-fagskuleloven-og-fagskuleforskriften.pdf>

Vestland fylkeskommune (VLFK) ved fylkesutvalet handsamar også sak i samband med denne høyringa i møte 26.11.2020. Saka har vore handsama i hovudutval for opplæring og kompetanse (OPPKOM) 03.11.2020.

Saka finn ein her:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=3416&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=220666&sourceDatabase=>

Protokoll frå OPPKOM:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=3416&caseType=Protokoll&registryEntryId=220666&sourceDatabase=>

Departementet sine forslag til endring av fagskulelova blir i fortsettinga omtala i tråd med dei fire temaa, og rektor sin vurdering og tilråding blir vist under kvart tema. Endringane som er føreslått av Departementet blir vist med understreka tekst. Til slutt blir forslag til høyringsuttale summert.

Fagskuleutdanning sitt kunnskapsgrunnlag

I arbeidet med ny fagskulelov i 2017 fekk Kunnskapsdepartementet fleire innspel på at føremålsparagrafen både måtte gje ein klårare definisjon av kva som var fagskulen sin eigenart og ei presisering av grensene for kva type studietilbod som kunne bli akkreditert som fagskuleutdanning.

I departementet sitt forslag til endring av fagskulelova § 4, føremålsparagrafen, har departementet presisert fagskuleutdanninga sitt kunnskapsgrunnlag, eigenart og tilknytning til arbeidslivet.

Departementets sitt forslag til endring er som følgjer:

Fagskuleloven, § 4 Grunnleggende krav til fagskuleutdanning

Fagskuleutdanning er høyere yrkesfaglig utdanning som ligger på nivå over videregående opplæring. Fagskuleutdanning skal gi kompetanse som kan tas i bruk for å løse oppgaver i arbeidslivet uten ytterligere opplæringstiltak.

Fagskuleutdanning skal være praksisnær og imøtekomme behovet for kvalifisert arbeidskraft i samfunnet.

Fagskuleutdanning skal bygge på og være i samsvar med relevante yrkesfaglige, kunstfaglige, etiske, vitenskapelige og pedagogiske prinsipper.

Rektor si tilråding:

Føremålet med å definere fagskuleutdanninga sitt kunnskapsgrunnlag er å sikre ei tydeleg avklaring på kva som kan kvalifiserast som fagskuleutdanning jf. fagskulelova. Rektor vurderer at departementet sitt forslag til endring i § 4 sikrar dette, og tilrår at det styret sluttar seg til forslag til endringane i § 4.

Omfang i fagskuleutdanningane

Departementet føreslår å fjerne den nedre grensa for kor lang ein fagskuleutdanning kan vere jf. dagens fagskulelov § 4 andre ledd, som stadfester at ein fagskuleutdanning kan ha eit omfang på 30 til 120 studiepoeng (stp.). Departementet skriv i høringsnotatet at det i dag er eit handlingsrom for å tilby korte utdanningar i form av emne, og som er ein del av det overordna læringsutbyttet til ein akkreditert fagskuleutdanning. Slike emne vil ikkje gje vitnemål, med ein karakterutskrift og stp. Vidare kan studentar på bakgrunn av bestått emne søkje godskriving for eit gjennomført emne til ein aktuell utdanning innan det gjeldande eller liknande fagområdet så lenge minimum 30 stp. er avlagt ved fagskulen det søkjast godskriving hos (jf. §§ 37 og 38 i fagskuleforskrifta). Fagskulane har også høve til å utvikle nye emne så lenge dei er ein del av det overordna læringsutbyttet for ein akkreditert utdanning.

På bakgrunn av dette meiner Departementet at endringa som er føreslått i § 4 ikkje vil få stor praktisk betydning fordi det gjerne fortsett vil vere mest effektivt å tilby enkeltemne slik som det er opning for å gjere i dag, og at dette vil sikre at studentar kan sette saman kortare tilbod til ein heil grad. Rektor meiner likevel at forslaget til ny § 4 gjev fleire moglegheiter enn kva Departementet omtalar. Slik ein lesar forslaget kan ein fagskule opprette utdanningar med eit omfang på mindre enn 30 stp. som ikkje er ein del av ein allereie akkreditert fagskuleutdanning. Det vil sei at fagskular kan utvikle heilt nye korte tilbod som ikkje trenger å vere forankra i ein grad, så lenge fagskulen har ein akkreditert utdanning på minimum 60 stp. og har uteksaminert studentar i minst to år. Dette vil gje etablerte fagskular høve til å raskt kunne tilby nye korte utdanningar innan kompetanseområde der fagskulane i dag ikkje har eit tilbod. Til dømes vil ein fagskule som ikkje har fagskuleutdanningar innan helsefag kunn lage utdanningar som er kortare enn 30 stp. innan dette fagområdet så lenge dei andre krava i lovforslaget er oppfylt.

Vidare skriv Departementet at det er ein føresetnad at kvalitetskrava også blir heldt for dei korte utdanningane og viser til at Markussen-utvalet er av same oppfatning. Dette er bakgrunnen for at Departementet meiner det skal vere krav om at ein fagskule skal ha ein akkreditert utdanning på 60 stp. og ha uteksaminert studentar innan utdanninga i minimum to år. Dette vil sikre at fagskular som ønskjer å tilby kortare utdanningar har tilfredsstillande styringsordning, reglement og system for kvalitetssikring. Departementet viser også til at dette forslaget liknar krava i Universitets- og høgskulelova § 3-1. Departementet peikar også på at ein akkreditering som ikkje har ført til uteksaminerte studentar, seier lite om fagskulen sin evne til å drive forsvarleg, fordi ein akkreditering blir gjeve på bakgrunn av planar.

Endringa Departementet føreslår er som følger:

Ny § 4a Krav til fagskuleutdanningens innhold og omfang

Fagskuleutdanning skal ha et innhold og omfang som tilsvarer inntil to års utdanning på fulltid. Departementet kan, etter søknad fra styret for fagskulen, vedta at det kan gis fagskuleutdanning som i innhold og omfang tilsvarer inntil tre års utdanning på fulltid.

Departementet kan gi forskrift om krav til innhold og omfang for treårige fagskuleutdanningar.

For å kunne tilby utdanningar på mindre enn et halvt års omfang må fagskulen ha uteksaminert kandidatar i minst én fagskuleutdanning på 60 studiepoeng eller mer, i minst to år

Rektor si tilråding:

Det er gledeleg at det blir føreslått at fagskulane kan få utvikle utdanningar som er kortare enn 30 stp., og gjennom bransjeprogramma ser ein heilt klart eit behov for dette. Det er likevel ein bekymring i høve til lovforslaget at det kan bli utvikla korte tilbod innan fagområde der ein ikkje har eit etablert fagmiljø, og at det på bakgrunn av dette kan etablerast fagskular som blir meir eller mindre kursleverandørar. Det er viktig at arbeidet som har gått føre seg dei siste åra med å løfta fagskulesektoren i høve til kvalitet og ei tydeleg plassering i utdanningssystemet blir vidareført. *NOU 2014: 14 Fagskulen - et attraktivt utdanningsvalg* viste til at tilbod av mindre omfang ville kunne svekke fagskulane sitt omdømme, og at eit utdanningstilbod bør ha eit visst omfang for å bli kalla ei utdanning. Fagskulelova skulle ikkje omfatta kursverksemd.

På bakgrunn av dette blir det føreslått å støtte Departementet sitt forslag om at det skal vere mogleg å få akkreditering av utdanningar som er kortare enn 30 stp., men at dette bør vere innan for eit fagområde der ein allereie har ein akkreditert utdanning og uteksaminert studentar i minimum to år. Korte utdanningar med eit omfang som er mindre enn 30 stp. bør vere eit supplement til grunnutdanningane med eit omfang på 60 eller 120 stp.

#### Opptak til kunstfagleg fagskuleutdanning

Dei kunstfaglege fagskulane har jamt over stor søknad og har eit høgt tal unge søkarar i alder 18-23 år. Meir enn halvparten av søkarane til dei estetiske faga var i år i denne aldersgruppa. Hovudregelen for opptak til fagskulen er elles fullført og bestått vidaregåande opplæring, eventuelt med tilsvarande realkompetanse frå det året søkaren fyller 23 år. For kunstfagskulane er grensa for opptak ved realkompetansevurdering satt til 19 år, i tillegg til bestått opptaksprøve, jf. fagskulelova §16. Departementet meiner at denne regelen har fått eit meir avgrensa bruksområde enn det som var intensjonen ved revisjonen av lova i 2018. Ein viser til at yngre søkarar har svake føresetnader til å greia realkompetansekrava til fullført vidaregåande opplæring. Dette gjer at dei kunstfaglege fagskulane mister delar av rekrutteringsgrunnlaget sitt; går glipp av søkarar med stort kunstfagleg potensiale, samstundes som det for ein skilde kunststudie er ein fordel å starta i ung alder (t.d. utdanning innan dans).

Departementet viser til at det i opptak til anna høgare utdanning i kunstfag er gjort unntak frå kravet om generell studiekompetanse, jf. forskrift om opptak til høgare utdanning § 3-6. Vidare tilrådde Kyrkje, utdannings- og forskingskomiteen eit tilsvarande unntak for opptak ved fagskulane, jf. Innst. 254 S (2017 - 2017) avsnitt «Opptak til kunstfag».

Departementet føreslår derfor å innføra ein unntaksregel for opptak til kunstfaglege fagskuleutdanningar som tilsvarande regel for opptak til anna høgare utdanning. Endringar og ny ordlyd er som følgjer:

#### Fagskulelova § 16 Opptak

Opptaksgrunnlaget til fagskuleutdanning er fullført og bestått vidaregåande opplæring. Søkere som er 23 år eller eldre i opptaksåret, kan tas opp på grunnlag av tilsvarande realkompetanse. (Er flytta opp frå andre ledd)

Kunstfaglige fagskuleutdanningar kan etter søknad ta opp søkere som fyller spesielle faglige krav bestemt av fagskulen på grunnlag av opptaksprøve, hvis søkerne er 19 år eller eldre i opptaksåret. Departementet kan gi forskrift om krav som må oppfylles for at en utdanning skal kunne omfattes av unntaket, og en øvre grense for hvor mange som kan tas opp gjennom bruk av unntaksordningen over en bestemt periode. Departementet skal i forskrift liste opp hvilke kunstfaglige utdanningar som etter søknad er omfattet av unntaket.

#### Rektor si tilråding:

Rektor tilrår å støtte Departementet sitt forslag til endring i opptaksreglane for dei kunstfaglege fagskulane som er tilpassa søkarmassen og desse fagskulane sin eigenart.

#### Bruk av falsk dokumentasjon ved opptak eller under utdanninga

Departementet viser til førespurnadar frå fagskular og Direktoratet for IKT og fellestjenester i høyere utdanning og forskning (Unit) om kva som er rett handtering av saker der søkar har brukt falsk dokumentasjon ved opptak.

Departementet peikar på at eksisterande regelverk for fagskulen ikkje regulerer desse forholda tilstrekkeleg og heller ikkje har reglar for å melda bruk av falsk dokumentasjon (jf. fagskulelova § 24 - 25). Departementet viser vidare til at bruk av falske dokument er straffbart etter straffelovas § 361 og at universitets og høgskulelova har klare vedtekter ved bruk av falsk dokumentasjon og bruk av dokumentasjon utferda av falske institusjonar, jf. universitets- og høgskulelova § 3-7 med forskrift.

Departementet ser det som uheldig at lovverka for fagskule og høgskule / universitet regulerer tilhøva ulikt all den tid problemstillingane er dei same. Departementet foreslår derfor å ta inn i fagskulelova § 16 tilsvarande reglar som i universitets og høgskulelova § 3-7 ved bruk av falske vitnemål og anna falsk dokumentasjon. Departementet vil i forskrifta gje utfyllande reglar for kva som er å rekna for falsk dokumentasjon. Departementet foreslår vidare at fagskulane, Unit og NOKUT får ei plikt til å melda søkar ved bruk av falsk dokumentasjon iht fagskulelova § 7 og § 24. Elles følgjer regelverk om inndraging av dokumentasjon, karantenetid og klageinstans.

Departementets forslag.

Fagskulelova § 16 Opptak, nye femte til sjuande ledd:

Bruk av falske vitnemål eller andre falske dokumenter er forbudt. Tilsvarende gjelder for dokumenter utstedt fra falske institusjoner. Departementet gir i forskrift utfyllende bestemmelser om hva som anses som falske vitnemål, falske dokumenter og dokumenter utstedt fra falske institusjoner etter denne bestemmelsen.

Dersom en fagskole eller Unit oppdager at en søker har levert falske vitnemål eller andre falske dokumenter eller dokumenter utstedt fra falske institusjoner i forbindelse med opptak til utdanning, skal forholdet anmeldes til politiet.

Den som har søkt opptak til utdanning ved bruk av falske vitnemål andre falske dokumenter eller dokumenter utstedt fra falske institusjoner, vil få nevnte papirer inndratt og vil ikke gis opptak til utdanning i inntil ett år. Vedtak om inndragning og vedtak om karantenetid etter denne bestemmelsen treffes av styret selv eller institusjonens klagenemnd med to tredels flertall. Departementet eller særskilt klageorgan oppnevnt av departementet, jf. § 20 femte ledd, er klageinstans.

Fagskuleforskrifta ny § 6a Falske vitnemål og dokument

(1) Et vitnemål eller dokument er falskt dersom det inneholder skriftlig eller digital dokumentasjon som ikke er sannferdig, eller dersom innholdet i et opprinnelig, skriftlig eller digitalt, vitnemål eller dokument er manipulert eller endret.

(2) Med dokument utferdiget av falske utdanningsinstitusjoner menes dokument som er utferdighet av ikke-eksisterende utdanningsinstitusjoner eller av utdanningsinstitusjoner som gir uriktig uttrykk for å ha akkreditering etter fagskuleloven § 5 eller tilsvarende utenlandsk regelverk.

Fagskulelova § 7 Kvalifisering for opptak, nytt 2. ledd

Dersom NOKUT oppdager at en søker har levert falske vitnemål, andre falske dokumenter eller dokumenter utstedt fra falske institusjoner, skal forholdet anmeldes til politiet.

Fagskulelova § 24 Annullering av eksamen eller prøve, nytt 7. ledd

Dersom fagskolen oppdager at en søker eller student har levert falske vitnemål, andre falske dokumenter eller dokumenter utstedt av falske institusjoner, jf. første og tredje ledd, skal de anmelde forholdet til politiet.

Rektor si tilråding:

Rektor tilrår å støtte Departementet sitt forslag om å styrka reglane i fagskulelova knytt til bruk av falsk dokumentasjon og vitnemål, samt å harmonisera fagskulelova med tilsvarende regelverk i universitets og høgskulelova.

Politiattest

Departementet viser til ein rapport frå ei interdepartemental arbeidsgruppe som gjennomførte ei omfattande vurdering av behovet for å krevja politiattest frå personar som gjennom jobb, frivillige verv ol har kontakt med mindreårige (rapport: Politiattest for personer som er i kontakt med mindreårige, 28.01.2019). Arbeidsgruppa konkluderte med at krav om barneomsorgsattest må heimlast i alt lovverk som er knytt til nemnde oppgåver og ansvarsforhold overfor barn. Departementet viser til at fagskulen i dag har regelverk som gjer at skulen kan krevja politiattest frå studentar som deltar i praksis eller klinisk undervisning knytt til barn, jf fagskulelova § 27. I fagskuleforskrifta er det også tatt inn reglar for krav til politiattest og handtering av ulike forhold tillagt denne attesten (fagskuleforskrifta kap. 4.).

Departementet ønskjer i tråd med tilrådinga frå den interdepartementale arbeidsgruppa å gjera det til ei plikt for fagskulane å innhenta barneomsorgsattest / politiattest, dvs. at lova går frå ei «kan-formulering» til ei «skal-formulering». Departementet underbygger sitt framlegg dels med å peika på det formelle, dvs at når krav om politiattest blir obligatorisk, påfører det fagskulane ei plikt til å innhente slik attest,- og dels ved det særskilte forholdet å ha barn som arbeidsområde og dei store følgjene som oppstår ved misbruk av ansvar og tillit. Departementet ser dessutan eit behov for å rydda i fagskulens eksisterande lov og forskrift på området.

Departementets forslag til endringer:

#### § 27 Krav om politiattest

I utdanninger der studenter som en del av klinisk undervisning eller praksisstudier skal utføre oppgaver som er betinget av eller etablerer et tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige, skal studentene legge frem politiattest som nevnt i politiregisterloven § 39 første ledd. Fagskolen kan kreve politiattest ved opptak eller underveis i slike utdanninger.

Hvis det er gitt særlige regler om politiattest for bestemte typer arbeid, gjelder disse reglene tilsvarende for studenter som deltar i praksisstudier eller klinisk undervisning.

Den som ikke fremlegger politiattest i henhold til reglene i denne bestemmelsen og fagskoleforskriften kapittel 4, har ikke rett til å delta i klinisk undervisning eller praksisopplæring. Det kan gjøres unntak fra dette dersom årsaken til at søkeren eller studenten ikke fremlegger politiattest ligger utenfor vedkommendes kontroll.

Studenter som ikke kan delta i obligatorisk i praksisopplæring eller klinisk undervisning etter denne bestemmelsen, får ikke vitnemål for fullført grad eller utdanning.

En student som er dømt eller har vedtatt et forelegg for et straffbart forhold som omtalt i politiregisterloven § 39 første ledd eller i regler om krav til politiattester som nevnt i annet ledd, kan utestenges fra praksisstudier eller klinisk undervisning. Studenten kan bare utestenges hvis deltakelse i praksisstudier eller klinisk undervisning må regnes som uforsvarlig på grunn av den kontakten studenten da får med mennesker. (Overført fra forskriftens §24)

En student som er siktet eller tiltalt for et straffbart forhold som omtalt i politiregisterloven § 39 første ledd eller i regler om krav til politiattester som nevnt i annet ledd, kan utestenges fra praksisstudier eller klinisk undervisning inntil en rettskraftig dom foreligger, eller til saken er henlagt. Studenten kan bare utestenges hvis deltakelse i praksisstudier eller klinisk undervisning må regnes som uforsvarlig på grunn av den kontakten studenten da får med mennesker. (Overført fra forskriftens §25)

Styret avgjør om en student skal utestenges fra klinisk undervisning eller praksisstudier. Vedtaket skal fattes på grunnlag av uttalelse fra fagskolen. Et vedtak om å utestenge en student etter denne paragrafen skal fattes med minst to tredels flertall.

En student kan klage på et vedtak om utestenging etter denne bestemmelsen. Departementet eller det nasjonale klageorganet for fagskoleutdanning er klageinstans, jf. § 20 femte ledd. Departementet kan gi forskrift om saksbehandlingen i saker om innhenting og behandling av politiattest.

Rektor si tilråding:

Rektor tilrår å støtte forslaget fra Departementet om å endre lova slik at denne sikrar innhenting av politiattest i samband med klinisk undervisning eller praksis der studentane kjem i kontakt med barn og mindreårig. Rektor føreslår også å støtte den formelle ryddinga regelverket som gjer at reglane om handsaming av tilhøve knytt til mangelfulle attestar, blir flytta frå forskrift og lagt til fagskulelova. Rektor vil likevel peike på at Fagskolen i Hordaland har handsama dagens regelverk knytt til innhenting av politiattest som eit «må-krav» og ikkje eit «kan-krav».

Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet peiker på at dei nye studieeiniane, mindre enn eit halvt år i omfang, vil føra til meirarbeid både for fagskulane og NOKUT i handtering av søknadar og akkreditering. Departementet slår fast at fagskulane og NOKUT må finna dekning innafor respektive budsjettammer.

Departementet ser også at det obligatoriske kravet om politiattestar kan påføra studentane noko ekstra kostnader, til liks med fagskulane som må leggja ressursar inn arbeidet med informasjon om kravet til politiattest og handsaming av attestane. Departementet viser til desse kostnadane som marginale.

Departementet vurderer at endringane i lov og forskrift elles ikkje vil ha nemneverdige administrative eller økonomiske konsekvensar for fagskulesektoren.

#### Rektor si tilråding

Rektor vil på generelt grunnlag oppmoda departementet om å styrka finansieringa av fagskulane slik at denne heldt tritt med auka oppgåver og kostnader i sektoren, - og om å ta i bruk differensierte satsar for dei ulike studia. Dei offentlege fagskulane har stort sett alle dei tyngre maritime og industritekniske studietilboda som drar betydelege kostnader i investering og drift. Noverande tilskotsnivå saman med flat tilskotssats uavhengig type studietilbod rammar utviklinga av dei tekniske fagskulane som igjen blir avhengige av ekstra fylkeskommunale løyvingar i ein elles hardt pressa kommuneøkonomi.

#### Vedtakskompetanse

Høyring om endring av fagskulelova og fagskuleforskrifta er ei open høyring.

#### Konklusjon

Rektor vil tilrå at styret for Fagskolen i Hordaland gjev følgjande høyringsuttale i samband med endring av fagskulelova og fagskuleforskrifta:

#### Høyringsuttale

##### Kunnskapsgrunnlaget

Føremålet med å definere fagskuleutdanninga sitt kunnskapsgrunnlag er å sikre ei tydeleg avklaring på kva som kan kvalifiserast som fagskuleutdanning jf. fagskulelova. Styre for Fagskolen i Hordaland vurderer at departementet sitt forslag til endring i § 4 sikrar dette, og sluttar seg til forslag til endringane i § 4.

#### Omfang

Det er gledeleg at det blir føreslått at fagskulane kan få utvikle utdanningar som er kortare enn 30 stp., og gjennom bransjeprogramma ser ein heilt klart eit behov for dette. Det er likevel ein bekymring i høve til lovforslaget at det kan bli utvikla korte tilbod innan fagområde der ein ikkje har eit etablert fagmiljø, og at det på bakgrunn av dette kan etablerast fagskular som blir meir eller mindre kursleverandørar. Det er viktig at arbeidet som har gått føre seg dei siste åra med å løfta fagskulesektoren i høve til kvalitet og ei tydeleg plassering i utdanningssystemet blir vidareført. *NOU 2014: 14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg* viste til at tilbod av mindre omfang ville kunne svekke fagskulane sitt omdømme, og at eit utdanningstilbod bør ha eit visst omfang for å bli kalla ei utdanning. Fagskulelova skulle ikkje omfatta kursverksemd.

På bakgrunn av dette støttar styret Departementet sitt forslag om at det skal vere mogleg å få akkreditering av utdanningar som er kortare enn 30 stp., men at dette bør vere innan for eit fagområde der ein allereie har ein akkreditert utdanning og uteksaminert studentar i minimum to år. Korte utdanningar med eit omfang som er mindre enn 30 stp. bør vere eit supplement til grunnutdanningane med eit omfang på 60 eller 120 stp.

#### Opptak til kunstfagleg fagskuleutdanning

Styret støttar Departementet sitt forslag til endring i opptaksreglane for dei kunstfaglege fagskulane som er tilpassa søkarmassen og desse fagskulane sin eigenart.

#### Bruk av falsk dokumentasjon

Styret støttar Departementet sitt forslag om å styrka reglane i fagskulelova knytt til bruk av falsk dokumentasjon og vitnemål, samt å harmonisera fagskulelova med tilsvarande regelverk i universitets og høgskulelova.

#### Politiattest

Styret støttar forslaget frå Departementet om å endre lova slik at denne sikrar innhenting av politiattest i samband med klinisk undervisning eller praksis der studentane kjem i kontakt med barn og mindreårig. Styret støttar også den formelle ryddinga i regelverket som gjer at reglane om handsaming av tilhøve knytt til mangelfulle attestar, blir flytta frå forskrift og lagt til fagskulelova.

Styret vil likevel peike på at Fagskolen i Hordaland har handsama dagens regelverk knytt til innhenting av politiattest som eit «må-krav» og ikkje eit «kan-krav».

#### Økonomiske og administrative konsekvensar

Styret vil på generelt grunnlag oppmoda departementet om å styrke finansieringa av fagskulane slik at denne heldt tritt med auka oppgåver og kostnadar i sektoren, - og om å ta i bruk differensierte satsar for dei ulike studia. Dei offentlege fagskulane har stort sett alle dei tyngre maritime og industridekniske studietilboda som drar betydelege kostnadar i investering og drift. Noverande tilskotsnivå saman med flat tilskotssats uavhengig type studietilbod rammar utviklinga av dei tekniske fagskulane som igjen blir avhengige av ekstra fylkeskommunale løyvingar i ein elles hardt pressa kommuneøkonomi.